

Møtebok 1 - 23, Lykling sokneråd 11.januar 2023

Dag: Ons 11.01.23

Tid: kl 19:00

Stad: Lykling kyrkje

Møtande rådsmedlem:

Fridleif Lydersen, Sissel S. Gåsland, Heidi Vold Ådnanes, Linda S. Gunnarsjaa, Elisabeth Bjørnevik, Astri L. Sakseide og Inger Johanne Sele.

1.vara:

Johannes Bernhard Hjelland

Opning: Fridleif Lydersen les eit sitat frå «Se det i øynene» av C. S. Lewis

Saksliste:

Sak 02-23 Godkjenning av referat og innkalling.
Ingen merknader til referat og innkalling

Sak 03-23 Meldingar og skriv

* Tilskot og gåve mellom sokneråd og fellesråd, skriv frå T. Leigland

*Kandidatar til Åpen Folkekirke Bjørgvins liste ved Kirkevalget 2023, sjå vedlegg.

* Kyrkjevalet 2023 i Bjørgvin - Val av medlemmer til nominasjonskomiteen for leke og oppmoding om å foreslå kandidatar til Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkjemøte

* Valkurs 31.januar. Meir info kjem.

Sak 04-23 Nokon som har noko å melda frå sitt ansvarsområde?

*Linda: Bedehusstyret ønsker at offeret under Heilagetrekongarsfesten ikkje skal delast, men gå uavkorta til kyrkjelydsarbeidet i Lykling. Me takkar så mykje for det.

Sak 05-23 Val 2023

*Jubileumsheftet m/følgeskriv skal leverast ut til bygdefolket i byrjinga av januar. Soknerådet deler grendene i soknet mellom seg og legg hefte med følgeskriv i postkassane i løpet av dei næraste dagane.

*Brev til moglege kandidatar til val 2023 vert ferdigstila av Sissel som sender det ut på mail til soknerådet. Brevet skal leverast i postkassane fredag 20.01.23. Mottakarane er fordelte på ulike rådsmedlemmer. Kvar einskild skriv ut og leverer til sine kandidatar og følg opp med telefonsamtale i ettertid.

Sak 06-23 Temakveld 19.januar 2023

Foredrag v/Berit M Andersen: **Moster24 - Frihet, Rettsvern og Soknebånd!**

Ei innleiing til felles refleksjon og samtale mellom tre. Det vert høve til å stilla spørsmål frå salen.

Annonsering: Bømlø-Nytt: Annonse og presseomtale 07.01 er gjort.

Publisering på kyrkja si side på FB, deling til fleire ulike sider.

Plakatar.

Må komma med under «Kva skjer på Bømlø» og i kunngjeringane frå kyrkja

Påminningsannonse i avisa 18.01. Inger avtaler med avisa.

Elles er skyss, overnatting, kyrkjevertar, lyd, velkomst og avslutning ok.

Sak 07-23 Temakveld 23.februar 2023

Tema: Diakoni saman med dikt og musikk. S.F. Våge, Joh. Hjelland og Ø.L. Olafsen.

Vidare planlegging på neste møte

Sak 08-23 Årsmøte 19.mars 2023

Rekneskap - Linda, årsmelding – Sissel og Fridleif, kyrjekaffi mellom gudstenesta og årsmøtet

Oppsummering neste rådsmøte.

Sak 09-23 Ymse

*Flaumlysa kan ikkje brukast: Det er feil på lysa som må utbetrast.

* Honorar til ungdommar som stiller opp på våre arrangement? Sissel sjekkar med Kantor.

Refererent Sissel S. Gåsland

***Neste soknerådsmøte onsdag 08.02.23 kl 19:00.**

*Ord til opning på neste møte: Astri